



Arkivnr: 2018/12091-10

Saksbehandlar: Hanne Espe og Britt Karen Spjeld

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		19.03.2019
Fylkesutvalet		28.03.2019

## Søknad om arrangementsstøtte, landskamp i handball 5. eller 6. juni 2019

### Samandrag

Viser til søknad om arrangementsstøtte av 23. januar 2019 frå Norges Håndballforbund, Region Vest om kr 110.000 til gjennomføring av VM kvalifisering mellom Norge og Hviterusland, kvinner senior 5. eller 6. juni i Sotra Arena i Fjell kommune. Til tilleggslyvningar er det i 2019 ført opp kr 3 914 000 til Fylkesutvalet sin tilleggslyvingskonto.

Søknadsfristen for tilskotsordninga Arrangementstilskot til nasjonale og internasjonale seniormeisterskap er 20. august året før arrangementet skal finne stad. Dei fleste større arrangement vert tildelt i god tid for å rekke denne fristen. Fylkestinget i desember 2018 løyvde midlar for 2019 til arrangementa EM i friidrett under 23 år i Bergen 2021 (100.000,-), Bergen Swim Festival (50.000,-) og Bergen Open i stup (50.000,-), NM på ski damer og junior herre, Voss (50.000,-) og Bømlø Open i badminton (25.000,-).

Det viser seg at fleire nasjonale og internasjonale arrangement vert tildelt idretten etter den fylkeskommunale søknadsfristen. Såleis vert denne søknaden frå Norges Håndballforbund Region Vest lagt fram i sak for handsaming frå tilleggslyvingskontoen til Fylkesutvalet.

I Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 heiter det at «*store nasjonale og internasjonale seniormeisterskap skapar stort engasjementet, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknader for næringslivet.*» I retningslinene for tilskotsordninga for arrangementstilskot heiter det: Idrettslag og særforbund kan søkje tilskot for store nasjonale og internasjonale seniormeisterskap som skapar stort engasjement, samhald, motivasjon til idrettslig satsing og positive ringverknader for næringslivet. Arrangement bør vise til god geografisk spreing av deltakarane, god rekruttering og opplæring av frivillige, nasjonal mediedekning og ringverknader for næringslivet.

Gjennom eit eige delprosjekt i Idrettscampus Bergen, er arbeid med arrangementskompetanse løfta inn i eit samarbeid mellom ulike relevante aktørar i regionen. I 2019 vert det tilbod til aktuelle arrangørar om 3 ulike kursmodular innan m.a. marknadsføring og gjennomføring av arrangement. Norges Håndballforbund Region Vest står som arrangør av den eine modulen, som vert arrangert på Sotra arena i samband med landskampen.

Fylkesrådmannen ser behov for å vurdere retningslinene for ordninga både i høve utfordringar knytt til tildelingstidspunkt for meisterskap og søknadsfristar. For å møte dei utfordringane arrangørane har, vert det jobba mot ein felles strategi for arrangement i regionen. Ein nasjonal arrangementsstrategi er venta å bli vedteken i regjeringa våren 2019. Bergen kommune har nyleg vedteke eigen plan for store arrangement. Desse vil bli sett i samanheng med kvarandre.

I samband med gjennomføringa av VM kvalifisering mellom Norge og Hviterussland, vert det gjort ei rekke tiltak retta mot miljøperspektiv, dette gjeld særleg knytt til avfallshandtering, transport av publikum mm. Fjell Kommune dekker kostnader som utgjer i overkant av kr 100.000,- , og er den største bidragsytaren totalt sett, reint økonomisk. Når det gjelder dugnad vert det rekruttert av Sotra sportsklubb. Totalt sett vil det vere om lag 300 frivillige i aksjon gjennom dagane rundt arrangementet - med tanke på opprigg, nedrigg og gjennomføring. NHF Region Vest stiller med leiarar til alle grupperingar - Sotra sportsklubb tek seg av parkeringspersonell og leiing av desse. Frivillige gjennomfører opplæring ein kveld i forkant av arrangementet, der kvar leiar gjennomgår oppgåver med sine grupper. Budsjettet ligg ved saka.

Det er venta stor mediedekning. Kampen vert overført på TV2 – hovudkanalen.

**Økonomi:** Det ligg store verdiar i dugnad knytt til denne type arrangement. Vedlagt saka ligg både budsjett og oversikt over dugnad.

**Klima:** Arrangøren har fokus på berekraft i gjennomføringa av arrangementet.

**Folkehelse:** Store arrangement er med på å auke rekruttering og deltaking av frivillige. I tilknytning til kampen vert det arrangert kompetansehevande kurs og møteplassar.

**Regional planstrategi:** 2.2. Eit inkluderande samfunn. Store idrettsarrangement styrkar inkludering og rekruttering av frivillige, og er samstundes med på å utvikle attraktive senter.

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet løyver kr 50.000,- til gjennomføring av VM kvalifisering mellom Norge og Hviterussland, kvinner senior 5. eller 6. juni i Sotra Arena
2. Budsjettet vert endra slik;  
Fylkesutvalet sin tilleggsøyvingskonto 10.720.200.00.14900 går ned med kr 50.000,-. Konto for tilskot til store arrangement 400.410.16.14700 aukar med kr 50.000,-.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*